

24/71

13

24/71

DAGSTID 30.	03286	24.5.77
NORWICH SØREN SKRIVARE MØTE		

# Skyldskifte

Laurdag den 4. september 1976 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Fammestad.

gr.nr. 24 br. nr. 7 med skyld mark 0,20 i Lindås herad.

Olav Fammestad har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.<sup>1)</sup>

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som<sup>2)</sup>

Ved tenesta møtte Harald Fammestad, Sigmund Tild og Ivar Nesha

Seljar: Olav Fammestad

Kjøpar: Karstein Nævdal

Av grannane<sup>3)</sup> Johan Nøttveit møtte

Til formann vart vald Harald Fammestad

Opplysningar om den/hei part/partner av eigedomen som er fråskild:

1. Vidd: Dyrka jord ..... dekar, naturleg eng og kulturbeite ..... dekar, produktiv skog ..... dekar, anna vidde ..... 1 ..... dekar — i alt ..... 1 ..... dekar.

2. Grensene<sup>4)</sup> til den/hei fråskilde part/partner:

Parsellen ligg på vestsida av grnr. 24 bnr. 19.

Grenselina tek til i nedsett merkestein i grensalina til

grnr. 24 bnr. 19 og går i vestleg lei 35 m til nedsett merkestein.

Vinklar og går i sør austleg lei 37 m til nedsett merkestein.

Vinklar og går i nord austleg lei 30 m til kross i berg i

grensalina til grnr. 24 bnr. 19. Vinklar og går langs nemnde line

i nordleg lei 25 m til nedsett merkestein, og går vidare i

same lei 4 m til utgangsstaden.

<sup>1)</sup> Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eit den fråskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

<sup>2)</sup> Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle sakar vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding ..... den ..... 19..... (underskrift.) Denne fråsegna skal sendast til sørskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

<sup>3)</sup> Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsle. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsle (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

<sup>4)</sup> Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeidomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skriva. Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølv markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

